

Til dei det måtte gjelde

Dato: 02.10.2015  
Vår ref.: 2014/22562-5  
Saksbehandlar: monhak  
Dykkar ref.:

## Invitasjon til å delta i arbeidsgruppe som har som oppdrag å lage eit seminar med tema rekruttering til helse og omsorgsfag.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for opplæringa innanfor helse og oppvekst i vidaregåande opplæring, og fagskulen. For å kunne sikre behova for naudsynt kompetanse innan helse og oppvekstfeltet er det fatta politisk vedtak om å sjå på mogligheita og utfordringar innan dette feltet.

Vi viser til politisk sak 2014/20202-1 rekruttering til helse og omsorgsfag. (sjå vedlegg)

Opplærings- og helseutvalet har bede om følgjande :

*Få ei sak/diskusjon i seminar/ om utfordringane når det gjeld rekruttering og utdanning til helse- og sosialsektoren. I den samanheng også vurdere ulike tiltak innan vaksenopplæring for å auke kompetansen inkludert språkkompetansen. Seminar der ein ser på alle sider av rekrutteringsutfordringane. ?*

**Dato:** 26.10.2015

**Kl:** 12:00-14:00

**Stad:** I fylkesbygget, møterom Nordhordland

Møteleiar og arrangør er Opplæringsavdelinga ved Annbjørg Laupsa og Monica Håkonsli  
Dei inviterte er:

Namn:	Stilling:	Tilsett ved:
Sølvi Olrich Sørebo	Rådgjevar	KS
Åse Stensland	Faggruppeutval innan HO	Askøy vgs
Anne - Marie Ytrebo	Lærer innan HO	Nordahl Grieg vgs
Jonita Tresvik	Lærer innan HO	Åsane vgs
Adeline Landro	Rådgjevar fagskule	Opplæringsavdelinga
Bjarte Johnsen	Lærer på fagskulen	Helsefagskulen i Hordaland
Per Willy Mørk Karlsen	Leiar, vaksenopplæring	Opplæringsavdelinga
Frank Halhjem	Spesialrådgjevar, fagopplæring	Opplæringsavdelinga
Kjell Helge Kleppesø	Leiar, senter for yrkesretteiing	Opplæringsavdelinga
Ane Aadeland	Faggruppeutval i norsk og lærar	Olsvikåsen vgs
Harald Pedersen	Rådgjevar	Bergen kommune
Beate Helland	Rådgjevar, Helse og sosial avd.	Fylkesmannen

### Agenda:

Gjennomgang av politisk bestilling.  
Rekrutteringstiltak. Kva har vore prøvd?  
Korleis bidreg dei ulike aktørane inn dette arbeidet? Kvar deltakar held ei orientering.  
Kva er framtidig behov?

Kva kan være innhald på seminar om rekruttering til HO? Er seminar det rette?  
Kven bør inviterast/ målgruppe til seminaret.

Linda Farestveit  
seksjonsleiar

Monica Håkonsli  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 politisk sak- rekruttering HO